

Følgjande annonsetekst skal leggjast inn under kunngjering på Meland kommune sine heimesider:

**REGULERINGSPLAN FOR KOLLEKTIVKNUTEPUNKT OG INNFARTSPARKERING PÅ FLATØY–
OFFENTLEG ETTERSYN OG HØYRING**

I medhald av plan- og bygningslova § 12- 10 har Utval for drift og utvikling 4.9.2018, som sak 71/2018, gjort vedtak om å leggja planframlegg ut til offentleg ettersyn.

Planområdet er på om lag 43 daa og omfattar eit området i krysset mellom E39 og fylkesveg 564 sør på Flatøy. Føremålet med planforslaget er å leggje til rette for nytt kollektivknutepunkt og innfartsparkering, med tilkomstvegar og gang-/sykkelvegar.

Planframlegget omfattar følgjande dokument:

1. Plankart, datert 1.6.2018
2. Reguleringsføresegner, datert 1.6.2018
3. Planomtale, datert 1.6.2018
4. Teikningshefte, datert 16.3.2018
5. VA-rammeplan datert 29.5.2018
6. Støyrapport 29.5.2018
7. ROS-analyse 26.4.2017
8. Geologiske undersøkingar 4.4.2017
9. Sikringsanslag, 9.2.2018

Framlegg til plan vert ved høyring og offentleg ettersyn kunngjort i avisa Nordhordland og på kommunen si heimeside. Grunneigarar, lag, organisasjonar og offentlege instansar er direkte tilskrive.

Plandokument og vedtak ligg til gjennomsyn i resepsjonen på Rådhuset.

Perioden for offentleg ettersyn er sett frå 19.9.2018 – 31.10.2018.

Merknader til planforslaget må vera framsett skriftleg innan merknadsfristen. For å kome med merknad kan ein enten nytte kommunen sitt elektroniske høyringsskjema som ligg under høyringar og offentleg ettersyn på heimesida, sende e - post til postmottak@meland.kommune.no, eller sende brev til Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug. Merknaden stilast til planavdelinga.

Merknadsfrist er sett til 31.10.2018.